

Andre verdenskrig i nord: Ei økonomisk og sosial omformingstid

Hallvard Tjelmeland

Nord-Norge står i ei heilt særskilt stilling i norsk okkupasjonshistorie. Det heng saman med den strategiske posisjonen regionen hadde som grenseregion mot Litsafronten, den nordlegaste delen av Austfronten. Det største trykket opplevde sjølvsgt Aust-Finnmark som var utsett for samanhengande krigshandlingar frå Operasjon Barbarossa – åtakinget på Sovjetunionen i juni 1941– og så fekk jo nedbrenninga og tvangsevakueringa av Nord-Troms og Finnmark fatale følgjer.

Men også resten av landsdelen fekk merka Nazi-Tysklands nærvær sterkare enn andre delar av landet. Det gjaldt krigen fram til 10. juni, då 6. divisjonen kapitulerte etter at dei allierte styrkane hadde trekt seg ut av kampene om Narvik. Men særpreget gjaldt også for landsdelen elles, fordi okkupantmakta måtte etablera ein omfattande logistikk som gjaldt forsyningsrutene til Litsa-fronten og fordi denne langstrakte forsyningslinja måtte byggjast ut militært for å hindra allierte åtak og sabotasje. Verknadene av dette var massive innsprøytingar av kapital og arbeidskraft – og av okkupantmaktas soldatar. I 1942 var det om lag 150 000 tyske og austerriske soldatar i Norge. I Nord-Norge utgjorde det 40 prosent av alt tysk personell i landet, i ein landsdel med 12 prosent av folketalet. Alt dette måtte prega kvardagslivet i mykje større grad enn i landet elles,

og gje mykje kraftigare økonomiske og sosiale verknader. Og det er desse økonomiske og sosiale verknadene, jamført med landet elles, som er tema for denne artikkelen.

Festung Norwegen i nord

Det var den veldige innsatsen i bygg- og anleggssektoren som var drivaren i den ekspansive krigsøkonomien i nord. Det var snakk om hundrevis av små og store festningsanlegg, spreidd over heile landsdelen. Det var bygging av flyplassar mange stader. Den viktigaste og klart største utbygginga kom på Bardufoss, der nærare 2600 arbeidarar var i sving på det meste. Som ein del av dette vart også Sørreisa bygd ut med eige hamneanlegg for transit til flyplassen. Flyplassen på Høybuktno ved Kirkenes var eit viktig springbrett for åtak på Litsa-fronten og alliert konvoittrafikk. I Kirkenes-området

vart det bygd ut mange store og små militære støttepunkt, i det som vart kalla «Festung Kirkenes». Tilsvarande utbygging kom rundt Bodø, med utbygging av flyplassen, med ei tankgrav rundt sentrum av byen og med store og små festningsanlegg, i «Festung Bodø».

Vegutbygginga var den mest omfattande, og viktigast i denne var det å få ein samanhengande riksveg heilt fram til Kirkenes, det vil seia fullføra Riksveg 50 som bare eksisterte stykkevis og delt. Vinteren 1940–41 var 5000 mann i arbeid bare på strekninga mellom Mosjøen og Mo. Det største einskildprosjektet, og det mest ambisiøse, gjaldt jernbaneutbygginga. Hitlers plan var å byggja ein samanhengande jernbane mellom Trondheim og Kirkenes, den såkalla Polarjernbanen (sjå artikkel av Fredrik Fagertun).



Hammerfest havn seinhausten 1940. Til høgre i biletet ligg den tyske flytande filetfabrikken D/S Hamburg.

Foto: Ferdinand Sander/Rune Rautios samling

Alle desse utbyggingsplanane tilsa ei veldig overføring av arbeidskraft. Ei oversikt frå 1946 viste at det i landet var 130 000 sysselsette i bygg- og anleggsbransjen i oktober 1941. Av desse arbeidde 28 000 i Nord-Norge, 21 prosent av totalen med 12 prosent av befolkninga. Dette er for små tal, men nok rette når det gjeld den relative fordelinga. Men dei vidløftige utbyggingsplanane føresette også tilførsel av arbeidskraft utanfrå, frivillige frå andre tyskokkuperte land – og i aukande grad krigsfangar, slavearbeidskraft (sjå Marianne Soleim sin artikkel).

Til den massive utbygginga av infrastruktur kom at okkupantmakta ville auka produksjonen av krigsviktige varer. Det var den viktigaste oppgåva for Rikskommisariatet, som hadde sju lokale avdelingar i heile landet, tre av dei i Nord-Norge – Kirkenes, Tromsø og Narvik. Ei tid var det også ei avdeling i Hammerfest. Den viktigaste oppgåva for desse lokale avdelingane var å sikra at den krigsviktige industrien gjekk uforstyrra. Den aller viktigaste krigsviktige produksjonen i Nord-Norge var knytt til fiskeria. Før krigen gjekk 90 prosent av fiskeriproduksjonen til eksport. Med den tyske okkupasjonen vart Tyskland avtakaren av dette, og store delar av norsk fiskeproduksjon gjekk til okkupantmakta sine soldatar. Det var eit nært samarbeid mellom fiskerieringa og okkupantmakta for å sikra fiskeria, noko som var viktig også for den norske konsummarknaden i ei tid der gamle handelslinjer vart brotne.

Tyskarane ønska fersk eller frosen fisk, og det vart bygd fire gigantiske filetfabrikkar – i Trondheim, Bodø, Hammerfest og Melbu – den siste i samarbeid med den lokale matadoren, Gunnar Fredriksen. Okkupantmakta ville ikkje utfordra kystfiskarane i nord med å setja inn ein trålarflåte for å sikra forsyningane. I staden vart det bygd ut eit system med føring av fisk med norske fiskebåtar gjennom det tyske selskapet Fischeinkaufgemeinschaft Norwegen – såkalla tyskføring – som også ga gode inntekter til kystsamfunna.

Det var også anna krigsviktig produksjon som okkupantmakta støtta opp om, særleg gruveindustrien, som i Sulitjelma, Dunderlandsdalen og i Sør-Varanger. Det vart satsa på bygging av aluminiumsindustri i Mosjøen og i Glomfjord. Sementfabrikken i Kjøpsvik i Tysfjord fekk eit oppsving, like eins verftsindustrien – alt saman viktig for okkupantmakta. Ikkje alt dette var like suksessfullt. Det var problem med innføring av innsatsvarer og noko av det vart ramma av alliert og lokal sabotasje. Men over alt ga det inntekter og arbeidsplassar, så lenge hjula gjekk. I dei første etterkrigsåra vart deltaking i slik produksjon omtalt og stigmatisert som tyskararbeid. Men det er viktig å vera klar over to forhold: Norsk økonomi vart under krigen fullstendig integrert i den tyske, slik at det var omtrent umogleg å ikkje bidra til krigsøkonomien. For det andre vart det meir og meir

snakk om tvangsutskrivning av norsk arbeidskraft.

Gjeldfri og pengar på bok!

Det er klart at denne kolossale aktiviteten måtte få ein overrisslingseffekt på heile den nordnorske økonomien. Kortversjonen er at landsdelen kom ut av den mellomkrigs-krisa som slo mykje sterkare ut i Nord-Norge enn resten av landet. Det var slutt på arbeidsløyse og priskriser for jordbruk og fiske. Det var det ein i dag kallar ein stram arbeidsmarknad, rett og slett ein økonomisk boom. Fylkeslegen i Nordland skreiv i ein rapport frå 1941 at «De økonomiske forhold har i 1941 vært meget gode, idet enhver arbeidsvillig mann har hatt anledning til god fortjeneste ved de forskjellige anlegg». Slike rapportar kom frå heile landsdelen. I Mo i Rana fekk begge hotella i byen eit stort oppsving ettersom dei vart bortleigd til Wehrmacht, «delvis til meget høye priser», som det heiter i Ranas historie. I Glomfjord vart det sett inn mellom 1500 og 2000 mann for å byggja ut aluminiumsverket Haugvik Smelteverk, med kraftig lønnsauke. Det varte rett nok ikkje lenger enn til operasjon Muskedunder, ein sabotasjeaksjon frå 12 britiske og norske kommandosoldatar, som i realiteten stoppa produksjonen her.

Alt dette kan lesast ut av skatt- og bankstatistikk. I faste prisar auka den samla nordnorske formuen med 67,2 prosent mellom 1939 og 1945, mens det på landsbasis var ein liten

nedgang. Det innebar at Nord-Norge sin del av den samla norske formuen steig frå 2,6 til 4,5 prosent. Altså framleis godt under det nasjonale gjennomsnittet dersom vi deler på folketalet, men likevel ei kraftig opphenting. Det same biletet teiknar seg dersom ein ser på inntektene, slik dei kan lesast ut av skattestatistikken: Dei gjennomsnittlege inntektene auka med meir enn ein tredjedel nordpå, mens det var ein liten nedgang på nasjonalt nivå. Samla inntekt nordpå auka frå 3,8 prosent av landsnivået i 1939 til 4,7 prosent seks år seinare. Det biletet som teiknar seg er altså ein kraftig regional

utjamning. Ein anna indikasjon på dette finn ein i bankstatistikken. I 1940 auka kapitalbeholdningane i nordnorske sparebankar med mest 30 prosent, i 1942 kom ei dobling og i 1945 ei tredobling. Dei nordnorske sparebankane auka sin del av den samla forvaltningskapitalen i landet frå 4,7 prosent til 7,8 prosent, med andre ord også her ei opphenting.

Dette må sjåast i lys av at Nord-Norge var den regionen i landet som vart hardest ramma av mellomkrigstidas økonomiske og sosiale kriser. For bønder og fiskarar, yrke som i kyst-Norge i stor utstrekning vart

kombinert med ein fiskarbondøkonomi, var krisene i mellomkrigstida først og fremst priskriser. Prisane på jordbruksvarer og fisk gjekk meir ned enn for andre varer. Det motsette var tilfelle under krigen, og det kunne målast i ein annan statistiske serie, «Bøndenes bruttoformue og gjeld». Den viser eit dramatisk bilete av økonomisk forbetring. Formuen blant nordnorske fiskarbønder auka med 37,8 prosent i fast kroneverdi gjennom krigen, og gjelda gjekk ned med 57,7 prosent. På landsbasis var dei tilsvarande tala fire prosent auke i formuen og ein gjeldsnedgang på 47,9. Desse tala viser det same biletet som for skattestatistikken, ei kraftig betring av økonomien for skatteytarane, og særleg i primærnæringane – tendensar som var mykje sterkare i Nord-Norge enn på landsbasis.

Styrka og nedslitne kommunar

Med den NS-innførte nyordninga av kommunane i januar 1941, skulle dei bli eit reiskap for nazifisering der førarprinsippet skulle gjelda. Det vart gjennomført, men i praksis var det ikkje så lett å få til endringar i kommunepolitikken. NS klarte ikkje å fylla alle ombod, og i byane heldt dei administrativt tilsette stort sett fram som før. Men krigskonjunkturane – og krigshandlingane – gjorde at kommunane kom i ein heilt annan stilling enn før krigen. Kommunane i Nord-Norge sleit endå tyngre enn i landet elles i mellomkrigstida, fordi dei økonomiske og sosiale



Norske bygningsarbeidarar ved Bardufoss flyplass i 1942. I bakgrunnen eit provisorisk postkontor og kolonialforretning.

Foto: Jonny Lankeau/Rune Rautios samling

krisene verka sterkare her. Den høgkonjunkturen som slo inn i økonomien, som følgje av dei massive tyske investeringane i bygginga av Festung Norwegen, måtte også få store konsekvensar for kommunane. Også her kjem offentleg statistikk oss til hjelp. Her er det eit problem at det ikkje finst tal for Finnmark dei to siste krigsåra, noko som heng saman med nedbrenninga. Vi må difor nøya oss med å sjå på landsdelen samla fram til 1943 og så Nordland og Troms for resten av krigen. Det er to postar i kommunerekneskapa som vi skal sjå nærare på: Det totale forbruket og utviklinga av den kommunale gjelda.

I fast kroneverdi auka det kommunale forbruket i Nord-Norge i perioden 1939–43, samla for by og land, med 19,6 prosent – mot 4,7 prosent i landet som heilskap. Den kommunale gjelda gjekk i same periode ned med 34,7 prosent, svakt under det nasjonale nivået. Tar vi så for oss dei siste to krigsåra for Troms og Nordland, viser det seg at denne utviklinga vart forsterka: Det kommunale forbruket steig med 21,3 prosent i dei to nordlegaste fylka, det doble av landssnittet, og gjelda gjekk ned med 25,5 prosent, noko under landssnittet. Gjeldsnedbetalinga var særleg stor i byane.

Ein indikator på verknadene av krigsøkonomien er også at utgiftene til fattigpleie gjekk kraftig ned. I 1939 utgjorde denne posten 15,6 prosent av dei kommunale utgiftene i dei nordnorske byane og 9,7 prosent i

herreradskommunane, Fire år seinare var det gått ned høvesvis 3,6 prosent og 4,8 prosent, med andre ord til ein fjerdedel i byane og halvparten på landsbygda. Det er litt meir krevjande å samanlikna formueoppføringa over tid, fordi dette vart registrert ulikt for byar og herradskommunar – og det endra seg gjennom krigsåra. Men by- og bygdebøker frå heile landsdelen melder om at kommunane hadde fått pengar på bok gjennom krigen. Rådmannen i Tromsø kunne til dømes melda at kommunen si gjeld var nedbetalt frå 6,1 millionar til knapt 1,5 millionar og at kommunen nå hadde 2,9 millionar på bok.

Dette biletet av kommunaløkonomisk velstand må korrigerast på vesentlege punkt. Krigen medførte også heilt nye utgifter for kommunane. Hammerfest skreiv ned gjelda si og kunne etablere ein kommunal pensjonskasse og byggja ny vassleidning, men byen måtte også oppretta eit bustadkontor for å gjennomføra tvangsrasjonering av husrom på grunn av presset frå Wehrmacht. Administrasjonen svulma opp, blant anna på grunn av arbeid knytt til rasjoneringane. Den kommunale administrasjonen auka frå 10 til 25 personar i perioden 1940–43. Slik var det overalt, og verst i Aust-Finnmark som var ein krigssone gjennom mest heile krigen. Også i Vardø var det inntekter å henta på krigskonjunkturen, men byhistorikar Randi Rønning Balsvik meiner at den kommunale økonomien likevel ikkje vart forbetra, trass i auka skatteinnangang. Stadige evakueringar

til nabokommunar førte til ekstra-kostnader, blant anna til forsyningar til dei evakuerte familiane. Det var utgifter til det sivile luftvernet i ein by med nærast dagleg bombing eller flyalarmar, og sjølv sagt også ekstraordinært store utgifter til brannvern. At kommunale funksjonærar forsvann frå byen, gjorde skatteinnkrevinga vanskelegare. Til dette kom sjølv sagt det store mentale presset og sivile tap i samband med krigshandlingane, både her og andre stader.

Infrastrukturbygginga, pengerikelegdommen og krigenes øydeleggingar

I ei totalvurdering av krigsøkonomien høyrer både pluss- og minuspostar. Eit første moment er korleis folk i samtida måtte oppleva dette. I tillegg til nerveslitet, den usikre framtida og mange former for menneskelege tap kjem at alt var strengt rasjonert, slik at kjensla av å ha fått betre råd, nok ikkje var så sterk. Slik var det også i dei første åra etter krigen, då det også var rasjoneringar.

Så var det dei enorme øydeleggingane. Dette vart i stor grad velta over på etterkrigssamfunnet. Her i nord er det nok å nemna nedbrenninga av Nord-Troms og Finnmark med tvangsevakuering av to tredjedelar av befolkninga. Dei positive følgjene av nedbetaling av gjeld og formueauke forsvann ikkje med nedbrenninga, men det gjorde jo det meste av materielle verdiar. Det vart utbetalt



Tyske soldatar og norske arbeidarar på ekspedisjonskaia i Tromsø.
Foto: Rune Rautios samling

erstatningar og ei massiv gjenreising vart gjennomført, men her gjeld jo verkeleg at det ikkje er alle tap som kan erstattast.

Eit komplisert reknestykke

Og så kan det vera grunn til å sjå på korleis tyskarane finansierte dei veldige utbyggingane. Den viktigaste finansieringskjelda var den okkupasjonskontoen som vart oppretta i Norges Bank. Tyskarane trakk ut 11,3 milliardar kroner frå denne okkupasjonskontoen, pengar som var produsert på Norges Bank si eiga seddelpresse – det doble av det som var tilfelle i Danmark, som vist av historikaren Harald Espeli. Hans Otto Frøland, leiaren av eit stort forskingsprosjekt ved NTNU, som har granska det tyske utbyggingsselskapet Organisation Todt, har vist at Norge var det einaste tyskokkuperte landet som fekk netto overføringar av ressursar frå Tyskland. Det var rett og slett ikkje nok ressursar og arbeidskraft i Norge til å dekkja dei formidable investeringane. Det er ikkje enkelt å laga eit samla reknestykke for kva krigen kosta Norge, men i dette reknestykket må alle øydeggingane, slitasjen og spørsmålet om kor stor verdi utbyggingane hadde for etterkrigs-samfunnet vera med. Vegutbyggingane hadde varig verdi, også nokre av flyplassane – men festningsanlegga hadde det i liten grad, og dei store frosenfiskfabrikkane i Hammerfest og Bodø forsvann.

Det er altså eit komplisert reknestykke å finna ut korleis landet og landsdelen kom økonomisk sett ut av krigen. Det som står fast som det truleg viktigaste for Nord-Norge som region, er overrislingseffektane av dei massive innsprøytingane av kapital i landsdelen. Dei hadde langsiktige verknader som gjaldt gjeldsnedbetalingane i primærnæringane og i kommunane, og desse verknadene slo sterkare ut i nord enn i sør. Det var altså ei regional utjamning som styrka Nord-Norge, og det var ei utjamning mellom by og land som også slo særleg sterkt ut i denne landsdelen.

Ei ny rolle for staten i nord

Til dette kom endringane i det politiske landskapet i krigens kjølvatn. Erfaringane frå mellomkrigstidas kriser og krigens redslar førte til ei radikalisering og ei styrking av arbeidarrørsla – i Norge som i resten av Europa. Det la grunnlaget for 20 år med arbeidartpartiregjeringsar. Denne radikalisinga var særleg sterk i Nord-Norge. Landsdelen var ein bastion for arbeidarrørsla før krigen, men nå i endå sterkare grad enn før krigen, med over 60 prosent oppslutning fram til inngangen av 1970-talet. I dei første vala skuldast dette først og fremst framgangen for NKP, særleg i Finnmark, der partiet fekk heile 20,4 prosent. Men vi kan merka oss at Arbeidarpartiet i Finnmark – med Terje Wold, justisminister i regjeringa Nygaardsvold – fekk 57,4 prosent, ein tilbakegang på bare vel eitt prosentpoeng. Det tyder på at det

ikkje hefta noko negativt med han som representant for «londoneran».

Denne forskyvinga i det politiske landskapet hadde også samanheng med at synet på staten si rolle hadde endra seg. Tanken om at staten skulle ha ei tilbaketrekt rolle i økonomien hadde blitt svekka, og dei gjenreisingsoppgåvene som den nye regjeringa måtte ta fatt i gjorde ikkje minst at det nordlegaste Norge måtte få prioritert, særleg då dei nedbrente områda i Nord-Troms og Finnmark. Historikaren Einar Niemi viser i det nye trebindsverket om andre verdskrigen i nord, kor høgt gjenreisninga i Nord-Troms og Finnmark var prioritert, med eigen gjenreisingsminister og med stor nasjonal støtte. Han viser også korleis gjenreisninga mobiliserte lokale krefter i utforminga. I 1946 kom vedtaket om å etablere eit jernverk i Mo i Rana, og kort tid etter vart det lagt fram ein plan for moderniseringa av fiske- og reinæringa i dei nedbrente områda ved etablering av eit selskap for å reisa ei rekke fileindustribedrifter. Stortinget vedtok i 1950 einstemmig å realisera denne planen, og selskapet Finotro kom i drift frå 1951 med åtte fileindustribedrifter – ein i Skjervøy i Nord-Troms og sju rundt finnmarkkysten. Det er verd å merka seg den desentrale strukturen i selskapet. Den skulle også ta imot fisk frå kystflåten og ikkje vera ein-sidig basert på levering frå trålarar, slik som Findus i Hammerfest som kom året etter.

Det er eit anna moment som hadde stor betydning for Nord-Norge, og som også hadde røter i krigen og dei første etterkrigsåra, nemleg at den økonomiske politikken nå for første gong fekk eit feste i det territoriale. I 1947 gjekk nordnorske kommunar og nordnorsk næringsliv saman om å etablere Studieselskapet for nordnorsk næringsliv. Det går ei bein linje frå denne nytenkinga sentralt og mobiliseringa regionalt, fram til Nord-Norge-planen i 1951 som etablerte Utbyggingsfondet for Nord-Norge og som var starten på norsk distriktpolitikk. Summen av alt dette la grunnlaget for ei økonomisk og sosial regional opphenting heilt fram til 1980-talet.

Litteraturliste:

- Finstad, Bjørn-Petter og Bjørg Evjen. 2022. Næringer og naturressurser. I Bjørg Evjen (red.), «En annerledes hverdag», kapittel 15 i bind 2 i Fredrik Fagertun (red.): *Andre verdenskrig i nord*. Stamsund, Orkana Akademisk.
- Niemi, Einar. 2022. Gjenreisningen av Nord-Troms og Finnmark. Kapittel 13 i Stian Bones (red.). «Kampen om frihet», bind 3 i Fredrik Fagertun (red.): *Andre verdenskrig i nord*. Stamsund, Orkana Akademisk.
- Tjelmeland, Hallvard og Bjørn-Petter Finstad. 2022. Staten og nordom råda, kapittel 14 i Stian Bones (red.). «Kampen om frihet», bind 3 i Fredrik Fagertun (red.): *Andre verdenskrig i nord*. Stamsund, Orkana Akademisk.
- Tjelmeland, Hallvard, Fredrik Fagertun og Maria Fritsche. 2022. Tyske og norske styrings- og kontrollorganer under okkupasjonen, kapittel 8 i Fredrik Fagertun (red.): «Overfall og okkupasjon», bind 1 i Fredrik Fagertun (red.): *Andre verdenskrig i nord*. Stamsund, Orkana Akademisk.
- Tjelmeland, Hallvard. 2022. Arbeid og inntekt, kapittel 16 i Bjørg Evjen (red.): «En annerledes hverdag», kapittel 15 i bind 2 i Fredrik Fagertun (red.): *Andre verdenskrig i nord*. Stamsund, Orkana Akademisk.



Hallvard Tjelmeland, er professor emeritus i nyare tids historie ved UiT Norges arktiske universitet. Han har blant anna forska

på nordnorsk by- og regionhistorie, den kalde krigen, norsk-sovjetiske relasjonar og norsk og nordnorsk okkupasjonshistorie.

E-post: Hallvard.Tjelmeland@uit.no

Rettelser

På side 33 i opprinnelig versjon var det en feil som ble korrigeret 14. november 2025.

Opprinnelig versjon:

«I 1942 var det 350 000 tyske og austerriske soldatar i Nord-Norge, 40 prosent av alle som var i landet, i ein landsdel med 12 prosent av folketalet.»

Korrigeret til:

«I 1942 var det om lag 150 000 tyske og austerriske soldatar i Norge. I Nord-Norge utgjorde det 40 prosent av alt tysk personell i landet, i ein landsdel med 12 prosent av folketalet.»